



## Statens vegvesen Medverknadsprosesser

### 1 Oppsummering av innspel til planarbeid, første varsel

Innspel	Handtering i planforslaget
<b>1. Direktoratet for mineralforvaltning, 19.05.2025</b>	
Plangrense rører ved sand- og grusførekomsten Herremoen, lokal betydning. To masseuttak med driftskonsesjon etter minerallova, regulert til steinbrot og masseuttak i OP for Bø vassverk Herremo. (Råstoffutvinning i KPA). DMF vil <b>vurdere motsegn til planforslaget</b> dersom planforslaget ikkje tek tilstrekkeleg <b>omsyn</b> til dei rørte konsesjonsområda eller ikkje <b>utgreier</b> konsekvensane for uttaket tilstrekkeleg.	
Tiltaket kan vere til hinder til å drive uttak og utvikle uttak i framtida. DMF ønskjer utgreiing av korleis utviding av vegareal skal gå føre seg langs uttaksområda, og korleis vegarbeidet påverkar noverande og framtidig drift i uttaka.	Sjå kapittel 5.1 i planomtale
DMF tilrår å vurdere krav til konsekvensutgreiing, då tiltaket rører ved to masseuttak av drivverdige, ikkje-fornybare naturressursar i drift.	Sjå kapittel 5.1 i planomtale
<b>2. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, 12.05.2025</b>	
Standardisert fråsegn med nasjonale interesser.	
Jordbruk <ul style="list-style-type: none"><li>Unngå omdisponering av jord (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite)</li><li>Sikre tilstrekkeleg buffersone mot dyrka og dyrkbare areal</li></ul>	Sjå kapittel 9.9 i planomtale og vedlegg 6 Matjordplan
Naturmangfald <ul style="list-style-type: none"><li>Vareta naturtypar og arter av nasjonal og vesentleg regional interesse</li><li>Legg til grunn <a href="#">T-2/16</a> om nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet</li></ul>	Sjå kapittel 9.7 i planomtale, samt vedleggene 5 Miljøprogram, 16 Fagrapport naturmangfold og fremmedarter ,17 Fagrapport vannmiljø og naturmangfold i vann og 18 Miljøteknisk rapport



## Statens vegvesen

<ul style="list-style-type: none"><li>• Sjekk naturbase for registrerte artar</li><li>• Vareta verneområde og samanhengande naturområdet med urørt preg og geologisk naturmangfald</li><li>• Sikre buffersone mot viktige naturforekomster</li><li>• Buffersone mot naturtyper i skog: tilsvarande høgde utvaksne tre</li><li>• Gjennomføre NiN-kartlegging dersom det ikkje ligg føre</li><li>• Eventuelle hole eiker må sikrast med omsynssone med radius 15 meter frå senter av stammen.</li></ul>	
<p>Klimagassutslepp og karbonrike areal</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Nye <i>Statlege planretningslinjer for klima og energi</i> må følgast opp</li></ul>	Sjå kapittel 9.16 i planomtale
<p>Samfunnstryggleik</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• ROS-analyse på tilhøve som har betydning for om areal er eigna for utbyggingsføremål samt eventuelle endringar pga planlagd utbygging</li><li>• Analysens resultat innarbeidast i planforslaget, og område med risiko og sårbarheit merkast som omsynssoner.</li></ul>	Sjå kapittel 10 i planomtale, samt vedlegg 4 ROS-analyse
<p>Klimatilpassing</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ta omsyn til framtidig klimaendringar med tanke på overvatn, flaum, erosjon og skred</li><li>• Vektlegg betydinga av grønne område og intakt natur for klimatilpassing</li></ul>	Sjå kapittel 9.12 Hydrologi og 9.16 Utslepp av klimagassar planomtale, samt vedlegga 11 fagrapport geoteknikk, 12 Fagrapport områdestabilitetsvurdering, 14 Hydrologisk rapport, 15 Fagrapport flomfareutredning,
<p>Støy</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Følg retningslinje T-1442/2021 for behandling av støy i arealplanlegging</li><li>• Gjeld planlegging av ny støyfølsam utbygging og ny støyande verksemd</li><li>• Støy i anleggsfasen må ein vareta</li></ul>	Sjå kapittel 9.11 i planomtale, samt vedlegg 13 Støyutredning
<p>Forureina grunn</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Bruk grunnforureiningsdatabasen for undersøkingar av forureining</li><li>• Områder med påvist forureining skal merkast med omsynssone</li><li>• Ny arealbruk i område med forureina grunn krev miljøtekniske undersøkingar og risikovurdering.</li></ul>	Sjå kapittel 9.11 i planomtale, samt vedlegg 18 Miljøteknisk rapport
<p>Vassdrag og vassmiljø</p>	Sjå kapittel 9.7 i planomtale, samt vedlegg 17 fagrapport vannmiljø og naturmangfold i vann



## Statens vegvesen

<ul style="list-style-type: none"><li>• I 100-metersbeltet langs vassdrag skal særskilt hensyn tas til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser</li><li>• Ivareta kantvegetasjon langs vassdrag</li><li>• Beskytt vassforekomstar mot forringing</li><li>• Følg rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag</li><li>• Avløpsvatn frå området må få tilfredsstillande reinsing for å unngå forureining og forringing av vassforekomstar</li><li>• Reinseanlegget som er aktuelt å kople seg på, må overhalde forureiningsregelverket og ha nok kapasitet til den planlagde utbygginga</li></ul>	
Friluftsliv <ul style="list-style-type: none"><li>• Planen må vareta område klassifisert som viktige eller svært viktige friluftsområde, samt område med nasjonal eller viktig regional betydning</li><li>• Sikre allmennhetas tilgang til viktige friluftsområde, områder langs sjø og vassdrag, og stier/løyper</li></ul>	Sjå kapittel 9.6 i planomtale.
Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging <ul style="list-style-type: none"><li>• Følg <i>Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet</i></li><li>• Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje kompakte byar og tettstader som styrkar gange, sykkel og kollektivtransport</li></ul>	Tiltaket omfattar ikkje planlegging av nye bustader eller ny transportkorridor. Tiltaket omfattar berre oppgradering av eksisterande riksveg og auka sikring av drikkevassforsyning for Midt-Telemark kommune.
Andre nasjonale interesser det må takast omsyn til <ul style="list-style-type: none"><li>• Landskap, lokal luftkvalitet, universell utforming, storulykkebedrifter, gravplassar, born og unges interesser</li></ul>	Sjå kapittel 9.5 om landskap, 9.11 om lokal luftkvalitet, 9.4 om universell utforming og 9.13 om born og unges interesser i planomtale. Storulykkesverksemdar og gravplassar er ikkje relevante tema.

## 3. Telemark fylkeskommune, 12.05.2025

Seksjon samfunn og plan <ul style="list-style-type: none"><li>• Regionale planar: ATP Telemark.</li><li>• Arealinteressene til born og unge skal vurderast og beskrivast i planbeskrivinga saksutgreiinga, i samsvar med Rikspolitiske retningslinjer for born og planlegging</li><li>• Leikeareal og uteareal skal vere tydeleg merkt i plankartet, samt føresegner som set føringar for storleik, funksjon og kvalitet. (følg KPA for kommunane)</li></ul>	Sjå kapittel 5.3 i planomtale. Leikeareal og sol/skuggediagram er ikkje relevante. Kommunane bør involvere bonerepresentantar i høyringsperioden.
--	---



## Statens vegvesen

<ul style="list-style-type: none"><li>• Sol/skuggediagram som syner solforhold i leikeareal mellom 10-17 på jamdøgn</li><li>• Involver barnerepresentantar frå kommunane dersom aktuelt</li></ul>	
<p>Seksjon klima, næring og innovasjon, Jordvern</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Minimer omdisponering av dyrka mark</li><li>• Føreset landbruksfagleg vurdering frå lokal landbruksstyresmakt ved offentleg ettersyn, med vurdering om tilråding av omdisponering</li><li>• Utarbeide matjordplan dersom aktuelt, som fylgjer saka og blir sikra i føresegnene</li></ul>	Sjå kapittel 9.9 i planomtale og vedlegg 6 Matjordplan.
<p>Vassressursforvaltning</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Følg regional plan for vannforvaltning for Vestfold og Telemark vannregion</li><li>• Vurder potensiell påverknad for vassmiljøet i samsvar med rettleiar M-1941. Dersom planlagde tiltak kan forringe miljøtilstanden i vassførekomstar eller gjer oppnåing av miljømålvanskeleg, skal planen vurderast etter §12 vassforskrifta.</li><li>• Utgreiinga skal ikkje vere avgrensa til data i vann-nett, og syne vise kva kvalitetselement som vurderast som sårbare for påverknad frå tiltaket, kva kvalitetselement som er undersøkt og eventuell grunngjeving på kvifor andre ikkje er undersøkt</li><li>• Unngå utbygging innafor faresone flaum. Vurder å flytte område som i dag er berørt av faresone flaum</li><li>• Fysiske inngrep i vassdrag der tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, må vurderast etter forskrift om fysiske tiltak</li><li>• Løyve søkast på fylkeskommunen sine heimesider</li></ul>	Sjå kapittel 9.9 i planomtale og vedlegg 17 fagrapport vannmiljø og naturmangfold i vann, samt vedlegg 5 Miljøprogram
<p>Automatisk freda kulturminne</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Fire kjende automatisk freda kulturminne i området som må varetas</li><li>• Det blir utført arkeologisk registrering før endeleg fråsegn, kostnad dekkast av tiltakshavar</li><li>• Meldeplikt ved funn av ukjente kulturminne, arbeid stoppar og fylkeskommunen kontaktast med ordlyd i fråsegna.</li></ul>	Sjå kapittel 9.8 i planomtale og vedlegg 19 Fagrapport kulturminne – forenkla konsekvenstugreining.



## Statens vegvesen

Fylkeskommunen sende planen til Norsk Maritimt Museum, dei vurderer ikkje saka så omfattande at det er behov for arkeologisk registrering i vatn, og har inga vidare merknadar til planen	
Nyare tids kulturminne Planen må ta omsyn til to bygg som er SEFRAK registrerte i Midt-Telemark kommune og eit komplett gardstun nord for brua i Seljord kommune.	Sjå kapittel 9.8 i planomtale.

<b>4. Mattilsynet, 29.04.2025</b>	
<b>Drikkevatt</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Planområdet er innanfor omsynssone til Bø vassverk (H110), ta omsyn til innspel og krav frå vassverket</li><li>Vurder om vegarbeid/anleggsarbeid skal tilretteleggje for auka tilkopling av abonnentar, sett i samanheng med at det leggst ned vassleidningar når vegen utvidast.</li></ul>	Det har vore grundig dialog med vassverkseigar. Sjå kapittel 9.9 i planomtale.
<b>Fiskehelse/fiskevelferd</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Planen må adressere påverknad på vassmiljø og fiskehelse/velferd</li><li>Forventar krav til avbøtande tiltak i føresegna til planen, og dersom aktuelt, krav for å førebyggje overføring av kjend og ukjend smitte</li><li>Dersom aktuelt må det stillast krav til entreprenør og annan relevant verksemd om vask og desinfeksjon av maskiner og utstyr før det kan brukast i og nært vassdrag. (Smitteforebyggande)</li></ul>	Sjå kapittel 9.9 i planomtale og vedlegg 17 fagrapport vannmiljø og naturmangfold i vann, samt vedlegg 6 Miljøprogram
<b>Dyrehelse og dyrevelferd</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Unngå påkjenningar og belastning for husdyr. Ta omsyn til trekkruter, habitat og viltlevande dyr.</li><li>Føresegner må sikre at omsyn til dyrehelse- og dyrevelferd blir varetatt</li></ul>	Sjå kapittel 5.4.4 og vedlegg 5 Miljøprogram.
<b>Plantehelse</b>	Sjå kapittel 9.9 i planomtale og vedlegg 5 Miljøprogram og 6 Matjordplan.



## Statens vegvesen

<ul style="list-style-type: none"><li>• Der det er relevant, lage føresegner som førebyggjer overføring av kjend og ukjend smitte med massar av stein, grus, jord med meir.</li><li>• Utform føresegner for å hindre spreining av plantesjukdommar og planteskadegjerarar</li><li>• Kan utforme føresegner knytt mot dei som skal utføre arbeid i planområdet</li></ul>	
---	--

5. NVE, 05.05.2025	
<p>Skred og flaumfare</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Grunntilhøva og områdestabilitet skal utgreiast</li><li>• Området er flaumutsett frå Bøelva, ligg delvis innanfor omsynssone flaum frå NVE. Flaum frå Bjønndøla må utgreiast</li></ul>	<p>Sjå kapittel 9.10 og 9.12 i planomtale og vedlegg 11 Fagrapport geoteknikk, 12 Fagrapport områdestabilitetsvurdering, 14 Fagrapport hydrologisk rapport og 15 Fagrapport flomfareutredning.</p>
<p>Omsyn til verna vassdrag og kantvegetasjon</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Elva er del av det verna vassdraget i Lifjellområdet.</li><li>• Unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø</li><li>• Utgrei allmenne interesser knytt vassdraget og korleis inngrepet påverkar desse</li><li>• Beskriv eventuelle kompenserte tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser</li><li>• Reetabler kantsone der den blir berørt</li><li>• Breidda på kantsona kan fastsetjast av kommunen</li></ul>	<p>Sjå kapittel 9.7 i planomtale og vedlegg 16 Fagrapport - Vannmiljø og naturmangfold i vann.</p>
<p>Naturfareutgreiingar tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE / NADAG.</p>	<p>Dette blir utført for ferdige rapportar. Geoteknisk rapport er ikkje ferdig før etter supplerande prøvetaking.</p>
<p>NVE skal ha planen tilsendt ved offentleg ettersyn med vurdering av interessa til NVE og alle relevante fagutgreiingar vedlagt.</p>	



## Statens vegvesen

<b>6. Anne Mette Horntvedt, grunneigar, 07.05.2025</b>	
Informasjon om private vass- og avløpsanlegg	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar, men blir ikkje offentleggjort.
<b>7. Bjørg Østvoll, grunneigar, 07.05.2025</b>	
Informasjon om private vass- og avløpsanlegg	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar, men blir ikkje offentleggjort.
<b>8. Tore Sognefest og Kari Seliussen, grunneigar, 08.05.2025</b>	
Ca. 6 m avstand frå kvitstripe til trapp, ca 8 m avstand frå kvitstripe til husvegg. Ønskeleg med vegutviding på motsett side av vegen.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.
Treng framleis innkøyring frå Rv. 36 fordi pga. Solheim Overnatting. Får gjestar som sving av og parkerer på 4 oppmerka plasser. Driv også butikk, parkering framom butikken	Sjå kapittel 9.1 i planomtale. Dagens avkøyring er lang og utflytande, og det blir parkert mellom vegen og huset, slik at køyretøy må rygge ut på hovudvegen (evt. rygge frå vegen). Ny vegframføring vil føre til auka høgde på vegen, noko som gjer det vanskeleg å få til gode løysingar for avkøyring.
Uformell busstopp på utsida av huset, bør vere formell busstopp her og for austgåande bussar ved nedkøyring til Hegna Landhandel.	Sjå kapittel 9.2 i planomtale og vedlegg 8
Ønskeleg med tiltak for å forbetre tilhøva for fotgjengarar som kryssar RV 36 her.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8
Ønskeleg at ny bru ikkje ligg så høgt mtp. sikt.	Sjå kapittel 9.3 i planomtale og vedlegg 8
Redde for auka støyen pga. høg fart på vegen.	Sjå kapittel 9.11 i planomtale og vedlegg 13.
<b>9. Stian Norwall-Nielsen, grunneigar, 09.05.2025</b>	
Gang og sykkelveg: etterspurt, på informasjonsmøte Hegna Camping 29. april. Det er stor ferdsel av myke trafikantar i området, som vil auke.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8



## Statens vegvesen

Saknar busslomme på sørsida av vegen og aust for elva også for campinggjestar. Det er tilfeldig kor barna blir slept av bussen, og dei kan ende med å gå mykje langs riksvegen.	Sjå kapittel 9.2 i planomtale og vedlegg 8
Avkøyring til tomta er vanskeleg ved av- og påkøyring, grunneigar ønskjer dialog om utbetring, særleg med tanke på sikt mot Seljord.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8. Avkøyring vil bli samordna med avkøyring til Hegna Camping.
Må vere gode løysningar som fungerer for nabolaget under anleggsperioden. Viktig å tenke på barn som må krysse vegen og brua for å komme seg rundt i grenda. Ønsker beskjed i forkant dersom veier blir stengte i periodar.	Sjå kapittel 11.2 i planomtale og vedlegg 8.
Det bor barn her som leikar på begge sider av vegen og begge sider av brua. Dei er ein del av trafikkbildet og bør bli prioritert. Ønsker at ny veg medfører auka tryggleik. .	Sjå kapittel 9.13 i planomtale og vedlegg 8.
<b>10. Alf Kjetil Runningen, grunneigar, 11.05.2025</b>	
Informasjon om telekablar og kraftlinje.	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar, men blir ikkje offentleggjort.
Grunneigar ønskjer formell matrikkelføring av restareal på eigedommen etter at det blei solgt grunn til busslomma i november 2000.	Matrikkelføring er gjennomført mens planprosessen gjekk
Informasjon om avkøyringar og brønnar	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar, men blir ikkje offentleggjort.
<b>11. Anund og Anne Kristin Færstaul, grunneigar, 11.05.2025</b>	
Grunneigar har spesielt fokus på pkt. II,3 i «Forskrift om avkjørsler fra offentlig veg». Man må også passe på at det blir god oversikt når grunneigar skal køyre ut på Rv36.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.
<b>12. Elin Bollandsås, grunneigar, 12.05.2025</b>	
Ønsker busslommer i begge retninger med leskur i 60 sona ved Hønså bru retning Seljord. Pr. i dag ligger det en på høyre side, den blir brukt av skolebarn til og fra Seljord.	Sjå kapittel 9.2 i planomtale og vedlegg 8.
Ønsker GS frå Hegna camping til Vefallstranda.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.



## Statens vegvesen

Ønskjer at planprosessen skal sjå på avkøyring til eigedom	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8. Avkøyring frå RV 36 vil vere via Brekkegrendvegen, påkøyring til RV 36 via nytt kryss om lag ved dagens kryss ved grunneigars eigedom.
<b>13. Gunn Asborg Botnen, grunneigar, 12.05.2025</b>	
Ønskjer GS for trygg ferdsle gjennom grenda til bade- og båt plass, på aktiviteter på grendehuset eller camping. GS bør gå fra brua i Øvre Bø, over Herremo, gjennom sentrum i Vefall/Brekke, forbi grendehuset og bort til badeplassen ved Seljordsvannet.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.
Reisande retning Seljord har ein busslomme ved Brekkegrenda. Born må gå langs den farlege vegen, og forbikøyring av bussen skjer ofte. Det har vore ei alvorleg ulukke ved avstigning frå buss. Hegna camping brukar òg innkøyrsla si som busslomme, og ønskjeleg er to busslommer på kvar side av riksvegen.	Sjå kapittel 9.2 i planomtale og vedlegg 8.
Avkøyring til sandtaket på Herremo og svingen vest for den er skumle og må få ny kurvatur.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.
Brua bør senkast og utvidast. Ønskeleg med GS, veldig smalt. Dersom det blir lagt til rette for turgåarar og syklande, er det fleire som vil nytte høvet.	Sjå kapittel 9.1 og 9.3 i planomtale og vedlegg 8.
<b>14. Reidar Engeset, grunneigar, 09.05.2025</b>	
Grunneigar oversender detaljert informasjon om leidningsanlegg på eigdommen	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar, men blir ikkje offentleggjort.
Ønskjer å bevare dyrka mark, breddeutviding på sørsida av Rv36 og at eksisterande stikkrenner på sørsida av riksvegen forlengast med naturstein.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.
Vil oppretthalde 2 eksisterande innkøyringar til skogen på garden. 4 eksisterande avkøyringar elles som skal oppretthaldast.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.



## 2 Oppsummering av innspel til planarbeid, andre varsel

Innspel	Handtering i planforslaget
<b>1. Skagerak Energi AS, e-post av 17.11.2025</b>	
Så kunngjeringa i avis.	
Tvil om interessene deira blir berørte	Leidningsanlegg skal ikkje bli ramma av tiltak. Tiltakshavar tek direkte kontakt for avklaring av detaljer.
Peikar på at kvar innsnevring av elva påverkar flaumtilhøva	Ikkje relevant, elva blir ikkje snevra inn.
<b>2. Telemark fylkeskommune, brev av 29.10.2025</b>	
Kulturarv, arkeologiske registreringar	Utviding av området er teke med i kulturminneregistreringa
Tilhøvet til Norsk Maritimt Museum og behov for arkeologiske undersøkingar under vatn.	Ikkje motteke brev frå Norsk Maritimt Museum. Ikkje fysiske tiltak i elva.
<b>3. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark, brev av 27.10.2025</b>	
Viser til retningslinjer	Sjå kommentarar til første innspel frå Statsforvaltaren
<b>4. Mattilsynet, brev av 30.10.2025</b>	
Utvidinga av planområdet påverkar drikkevassforsyninga til Bø vassverk. Kan ikkje tilrå at planområdet blir utvida på desse stadene. Vassverket må uttale seg.	Planprosessen omfatta særskilt involvering av Midt Telemark kommune og Bø vassverk. Grep i planforslaget er i samråd med vassverket.
Korleis unngå auke av forureininga	Forslag til tiltak er utarbeidd, sjå kap. 9.9 planomtale og vedlegg 5
Grunngjevinga for utvidinga er ikkje tilstrekkeleg	Sjå kapittel 4.2 i planomtale
<b>5. Direktoratet for mineralforvaltningen, brev av 31.10.2025</b>	



## Statens vegvesen

Viser til merknad i samband med varsel om planoppstart.	Sjå kommentar til merknad første varslings
Saknar grunngeving for kvifor planområdet blir utvida. Etterlyser vurdering av konsekvensutgreiingsplikta	Sjå kapittel 4.2 i planomtale og vedlegg 3.
Peikar på at massetaket dekkjer behovet for byggeråstoff i området	Sjå kapittel 9.14 i planomtale
<b>6. Vest Telemark pukkverk AS</b>	
Har driftskonsesjon og burde fått tilleggskunngjeringa.	Varselet er sendt grunneigar.
Planområdet rører ved næringsgrunnlaget deira.	Sjå kapittel 9.9 i planomtale. Det er ein intensjon om at masseuttaket avsluttast og arealet blir kjøpt av Midt Telemark kommune for sikring av vassverket. Kommunen vil ta kontakt med grunneigar for å initiere denne prosessen.
<b>7. Vera Skarheim, e-post 30.10.2025</b>	
Opptatt av trafikksikkerheit ved Hønså. Ønskjer eigen gang- og sykkelveg	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.
<b>8. Kjetil Hynne, e-post 30.10.2025</b>	
Grunneigar av egedomen 28/9. Ber om nye avkøyringar. Viser til innspel i samband med rullering av kommuneplanen.	Sjå plankart og kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8.
<b>9. Jørund Verpe, e-post 30.10.2025</b>	
Betydelig auke av areal i høve til opphavleg varsel. Har fall- og fiskerettar. Påverkar grunnlaget for jaktrett.	Planforslaget heimlar ingen tiltak i elva og vil ha små konsekvensar for jaktrett.
Store ressursar i massetaket	Sjå kapittel 9.9 i planomtale
<b>10. Nome og Midt-Telemark Landbrukskontor</b>	



## Statens vegvesen

<p>Småvilt som blir påkjørt ofte, om lag ved overvasskum ved avkjøring til Herremo grustak/vassverket. Årsak er designfeil ved dagens overvass-system. Trafikkarfarlige situasjoner oppstår. Viktig å få på plass viltpassasje.</p>	<p>Innspelet blei diverre oversendt etter at miljøprogram blei ferdigstilt. Vegstrekninga skal ikkje byggjast ut med det same og det vil framleis vere høve til å gjere tilpasningar i framtidig design for overvasshandtering.</p>
<p>Hjortevilttrekk midt på Herremo</p>	<p>Planforslaget tek ikkje særskilt stilling til vilttrekket</p>



### 3 Oppsummering av informasjonsmøte

I folkemøtet fekk dei framømte høve til å teikne på ulike kart. Desse kart er blitt brukt i prosjektet, men offentleggjerast ikkje då dei delvis inneheld personinformasjon og informasjon om samfunnskritiske installasjonar. Tabellen nedanfor gjev ein oversikt over temaa, som dei framømte var merksame på. Ein del av temaa går att i innspel, som kom seinare.

Gnr/Bnr	Merknad	Handtering i planforslaget
10/7 - Seljord	Septik + spredegrøft gamal butikk	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
10/1 - Seljord	Avkøyrsel, kloakk, brønn. Merknad landbruksavkøyrsel.	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar. Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8
10/3 - Seljord	Avkøyrsel brei	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8
10/13 - Seljord	Landbruksavkøyrsel	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8
10/9, 10/10, 9/32 m.fl. - Seljord	Avkøyrsel vanskeleg.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8
10/9 - Seljord	Brønn	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
10/10 - Seljord	Brønn + kloakk	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
9/32 - Seljord	Brønn + septikk	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
9/18 - Seljord	Brønn grendehus, bredde veg, tilkomst bade plass (GS-veg)	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8. Informasjonen om brønnar ligg til grunn for faglege vurderingar.
Heile området	Ønskje om gang og sykkelsti, til brua i Øvre Bø/møte med eks. gang og sykkelsti.	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8



## Statens vegvesen

<b>10/3 - Seljord</b>	Eks. busslomme nord for vegen der skuleborn ventar, ynskje om busslomme sørsida av vegen også.	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar. Sjå kapittel 9.2 i planomtale og vedlegg 8
<b>Hønså bru</b>	Senke brua pga. dårleg sikt ved utkøyring frå Brekkegrendevegen.	Sjå kapittel 9.3 i planomtale og vedlegg 8
<b>Mastedal svegen</b>	Buss stopper nord og sør for vegen her. Ynskje om busslomme?	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar. Sjå kapittel 9.2 i planomtale og vedlegg 8
<b>Sving Herretjønn</b>	Endre svingen	Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8
<b>10/4 – Seljord</b>	Septikk og spreiegrøft	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
<b>28/32, 34, 49 – MT</b>	Spreiegrøft, stikkrenne under veg. (flaumløp?), Gamal butikk	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
<b>28/68 – MT</b>	Spreiegrøft	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
<b>Aust i området</b>	Breiddeutviding av veg ynskjust på sørsida. Kum i kant av vegfylling. Vatningsanlegg med hydrantar. Pumpestasjon, stikkrenne.	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar. Sjå kapittel 9.1 i planomtale og vedlegg 8
<b>9/31 - Seljord</b>	Kva skjer med min tomt under brubygging?	Direkte berørte grunneigarar vil SVV ta direkte kontakt med for avtale om grunnverv og kompensasjon under anleggsarbeid.
<b>60 sone «Hegna»</b>	Høg fart pga. rett strekk.	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
<b>Generelt Hegna</b>	Turvegar og rideveger	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar. Sjå kapittel 9.6 i planomtale
	Gamalt elveleie	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.
	Gamalt elveleie	Informasjonen ligg til grunn for faglege vurderingar.